

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 374/98**av 12. februar 1998****om endring av artikkel 6 og 9 i forordning (EF) nr. 1172/95 om statistikk over Fællesskapets og medlemsstatenes varehandel med tredjestater(*)**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

Artikkel 1

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet, særleg artikkel 113,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen og

ut frå desse synsmåtane:

Som følge av den endringa av statistikkområdet til Fællesskapet som vart gjort 1. januar 1997 ved forordning (EF) nr. 476/97⁽¹⁾, som endrar forordning (EF) nr. 1172/95⁽²⁾, må tilvisingane til den tidlegare definisjonen av statistikkområdet gå ut. Artikkel 6 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1172/95 bør difor endrast.

Frå 1. januar 1999 vil den standarden for landkodar som no vert nytta til utarbeiding av statistikkar over varehandelen, verte bytt ut med ein alfabetisk standard som er basert på ISO alfa-2-kodesystemet. I denne nye samanhengen og av omsyn til harmoniseringa må alle medlemsstatane nytte den same standarden når det vert samla inn og sendt over statistiske opplysningar til Eurostat. Difor må artikkel 9 i forordning (EF) nr. 1172/95 endrast, slik at medlemsstatane ikkje lenger kan nytte andre standardar for landkodar under innsamlinga —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

I forordning (EF) nr. 1172/95 vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 6 nr. 1
 - a) bokstav a) går andre strekpunktet ut,
 - b) bokstav b) går tredje strekpunktet ut,
 - c) skal bokstav c) lyde:

«c) varer nevnt i artikkel 4 nr. 1 annet ledd.»
2. I artikkel 9
 - a) skal nr. 2 lyde:

«2. Koden som framgår av landlisten nevnt i nr. 1, må angis for hver stat.»
 - b) vert nr. 3 oppheva.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Artikkel 1 nr. 2 skal nyttast frå 1. januar 1999.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 12. februar 1998.

For Rådet

J. BATTLE

Formann

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjord i EFT L 48 av 19.2.1998, s. 6, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 14/1999 av 29. januar 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se denne utgaven av EØS-tillegget til *De Europeiske Fællesskaps Tidende*.

(¹) TEF L 75 av 15.3.1997, s. 1.

(²) TEF L 118 av 25.5.1995, s. 10.